

Vedtekter

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling SA. (HLB)

§ 1. Føremål

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling SA (HLB) er eit ideelt drive andelslag med vekslende kapital og medlemstal.

HLB skal gje høgare utdanning etter gjeldande lover og reglar for høgskular og universitet, HLB skal og drive med forskning, utvikling og oppdragsverksemd, nasjonalt og internasjonalt, som støtter opp om landbruk, bygde- og regionalutvikling.

HLB har forretningsadresse i Time kommune. Styret kan endra forretningsadresse når ein finn det føremålstenleg.

HLB kan etablera samarbeid med andre organisasjonar om aktuelle oppgåver.

§ 2. Andelseigarar

Organisasjonar og verksemdar i og for landbruket, kommunar, bygdeorganisasjonar/lag, undervisnings- og fagorganisasjonar, bankar og andre verksemdar med aktivitet som er relevant for høgskulen si verksemd kan verta medlemmer i HLB. Styret avgjer medlemskap etter søknad.

§ 3. Organisasjonsform og ansvar

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling SA er organisert som eit ideelt andelslag. Kvar andel kostar Kr. 5000,-. Andelseigarane hefter økonomisk berre for innskott kapital. Andelane kan ikkje pantsetjast, seljast eller transponerast på andre måtar. Medlemskapen kan seiast opp med eit års skriftleg førehandsvarsel, og vert gyldig frå 1. januar året etter at oppseiingsåret er omme. Utgåande medlem kan etter søknad til styret få tilbakebetalt innskoten kapital i forhold til attverande kapital i andelslaget. Refundert kapital kan såleis maksimalt verta lik innskoten sum i kroner.

Andelskapital skal ikkje forrentast.

§ 4. Årsmøte

Årsmøte er laget høgaste organ.

Kvar andel gir rett til ei røyst.

Kvar deltakar i årsmøte kan røyste med fullmakt for ein andelseigar som ikkje møter. Røystefullmakter skal presenterast for ordstyrar og godkjennast før møtet tar til.

Styremedlemmene har tale- og forslagsrett på årsmøte, men har ikkje røysterett ved val.

Årsmøtet skal handsama desse sakene:

1. Årsmeldinga frå styret
2. Rekneskapen
3. Val av styremedlemer (det skal vere mellom 5 – 7 medlem i styret)
4. Val av tre varamedlemer prioritert i nummerorden
5. Val av styreleiar og nestleiar
6. Fastsette godtgjersle til styret
7. Val av revisor
8. Val av valnemnd
9. Andre innkomne saker til årsmøte

Saker som ein ønskjer å fremja for årsmøte må leverast til administrasjonen i HLB seinast 15. januar

Årsmøte skal haldast innan 15.april. Seinast to veker føreåt skal alle andelseigarane få tilsend saksliste, årsmelding og rekneskap. Dokumenta skal sendast med ordinær eller elektronisk post.

Det skal veljast ei valnemnd som skal ha tre medlemar. Dei skal fungere i tre år, og ordinært skal eit medlem veljast nytt i kvart årsmøte. Medlemer i valnemnda kan attveljast ein gong.

Fem av medlemene i styret skal veljast på fritt grunnlag av årsmøte. Årsmøtevalde styremedlemer må ha kompetanse som universitets- og høgskuleloven til ei kvar tid tilseier

Valperioden er to år, med høve til attval.

Alle val skal skje skriftleg, dersom ikkje årsmøte godkjenner annan valform.

Styreleiar skal veljast mellom representantane for eigarane.

Omframt årsmøte kan haldast når vedtaksført styre bestemmer det.

§ 5. Bruken av overskot / dekking av underskot

Styret legg fram for Årsmøte bruken av overskot/ dekking av underskot. Overskot tileignast selskapets eigenkapital.

Årsmøtet kan ikkje vedta eit høgare beløp enn det styret foreslår eller godtek. Eventuelle underskot dekkast av eigenkapitalen.

§ 6. Valnemnda

Årsmøte skal velja ei valnemnd på tre medlemmer, som skal føreslå inntil fem medlemmer til styret, og koma med framlegg til styreleiar og nestleiar jamført samvirkelova §69. Valnemnda skal fremja forslag til årsmøte og godtgjersle til styret.

Styret skal ferda ut reglement for valnemnda.

§ 7. Styret

Mellom årsmøta skal andelslaget leiast av eit styre på, mellom fem og sju medlemmer. Eit styremedlem skal veljast av dei tilsette og eit av studentane, i eigne val. Styret har ansvar for heile verksemda i HLB i tråd med gjeldande lovar og forskrifter.

Leiar for styret skal sørgje for at det vert samankalla til møte så ofte som trengs. Medlem av styret kan krevja at styret vert kalla saman

Styret i HLB har desse oppgåvene:

- *Førebu og kalle inn til årsmøte.
- * Tilsetja dagleg leiar/rektor og bestemma løn og arbeidsvilkår for denne.
- * Oppnemna tilsetjingsutval for faste undervisnings- og forskarstillingar.
- *Ha ansvar for at rekneskapsføringa vert gjort i samsvar med allment godkjende prinsipp, og syta for årleg revisjon.
- *Setja opp framlegg til budsjett for fyljande driftsår
- *Koma med framlegg til årsmøte, om disponering av overskot/underskot jamført samvirkelova §26 ,og universitet- og høgskulelova
- *Gje dagleg leiar/rektor prokura om styret ønskjer.
- * I saker som bind andelslaget utover prokura gitt til dagleg leiar, skal både styreleiar og dagleg leiar skriva under nødvendige dokument.

For at styret skal vera vedtaksført, må minst fire medlemmene vera til stades.

§ 8. Dagleg leiar

Dagleg leiar av HLB har tittel rektor.

Rektor skal:

- * Ha ansvar for dagleg drift, m.a. syta for nødvendig kontakt med offentlege styresmakter om godkjenning, tilskot og andre ordningar etter lov og reglement.
- *Ha ansvaret for undervisningsopplegg og opptak av studentar.

- * Arbeida ut framlegg til budsjett og årsmelding til styret.
- * Vera sekretær for styret.
- * Utvikle og vedlikehalde HLB sitt system for kvalitetssikring.
- * Ha ansvar for tilsetting av personale som ikkje er nemnt i §7.
- * Ha personalansvar for dei tilsette og representere HLB som arbeidsgivar.
- * Syte for utvikling og marknadsføring av høgskulen sitt undervisningstilbod.
- *Ha det overodna ansvaret for forskning-,utviklings-og oppdragsverksemd ved høgskulen
- *Representere HLB utetter.

§ 9. Vedtektsendring

Vedtektene kan endrast av årsmøtet. Framlegg om endring av vedtektene må støttast av minst to tredelar av stemmene i årsmøtet. Seinast tre veker før årsmøtedato skal medlemene ha fått melding om og grunngjeving for framlegget til vedtektsendring.

§ 10. Avvikling av andelslaget

Avvikling av Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling SA kan berre gjerast av lovleg innkalla årsmøte, ved at dei som røystar for framlegget om avvikling representerer minst tre firedelar av medlemene i laget. Dersom HLB vert oppløyst skal attverande nyttast i tråd med § 1 Føremål, etter at andelskapitalen er tilbakebetalt.

§ 11. Rettslege forhold

Mogelege tvistar mellom medlemene og andelslaget skal ein lengst mogeleg prøva løysa på minneleg vis. Lukkast ikkje dette, skal spørsmålet avgjerast ved voldgift. Kvar av partane nemner opp ein medlem til voldgiftsnemnd, medan leiaren skal peikast ut av Sorenskrivaren i Jæren. Jæren tingrett er verneing for andelslaget.

Vedteke av Årsmøte i HLB...12 mars 2012...og justeringar i elektronisk møte 20 april.2012.....